

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 14.06.2021  
**FRÅ:** Administrerende direktør Arve Varden  
**SAKSHANDSAMAR:** Tone Holvik  
**SAKA GJELD:** **Status samhandlingsavtaler mellom Helse Førde og kommunane**

**ARKIVSAK:** 2021/146  
**STYRESAK:** **037/2021**  
**STYREMØTE:** **22.06.2021**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 7

---

#### Oppsummering

Helse Førde og kommunane i føretaket sitt opptaksområde har inngått samhandlingsavtaler innanfor alle område lovverket set krav om avtaler på.

Det er inngått rammeavtale og 19 delavtaler. To av delavtalane har vidare underliggende særavtaler. Det gjeld for avtalane om svangerskap-, fødsels- og barselsomsorga og for øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane. For desse særavtalane er det og inngått avtaler om drift- og arealleige for tilbod knytt til sjukehusa våre. I tillegg er det inngått samarbeidsavtaler for områda fagnettverk innan eldremedisin og eldreomsorg og samarbeid om LIS1- og LIS3-teneste for legar.

I samband med kommunesamanslåingane i 2020 er det inngått avtale med dei nye kommunane om overtaking av ansvaret til dei gamle kommunane.

Helse Førde og kommunane hadde revidering av avtaleverket som oppgåve i 2020. På grunn av koronapandemien vart dette arbeidet utsett.

Helse- og omsorgsdepartementet held på å lage ny rettleiar for arbeid med samhandlingsavtaler. Dette er ein del av arbeidet med dei nye helsefelleskapa. Rettleiaren skal etter planen vere klar til årsskiftet 2021/2022. Det vil då vere aktuelt å starte opp att vårt arbeid.

## **Fakta**

*Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. (spesialisthelsetjenesteloven) § 2-1 e. Samhandling og samarbeid og Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 6-1. Plikt til å inngå samarbeidsavtale pålegg helseføretak og kommunane å inngå samhandlingsavtalar.*

Helse- og omsorgstjenesteloven § 6-2 set krav til innhaldet i avtalane.

I samband med samhandlingsreforma vart det starta eit større arbeid mellom partane for å få på plass alle avtalane lovverket set krav om. Dette arbeidet enda opp i rammeavtale mellom partane og 19 delavtalar. Alle desse var på plass i 2012.

Fleire av avtalane vart reviderte i 2017. Desse vart sende ut i ei felles utsending med felles signatur ved retur. Tre avtalar måtte reviderast i 2019/2020.

Koordineringsrådet vedtok i 2019 at partane skulle gjennomføre ei større revidering av avtalane i 2020.

## **Kommentarar**

Helse Førde og kommunane har samhandlingsavtalar som set pasienten i fokus, og som er dekkande for dei områda det er viktig å ha samhandling på.

Partane har ikkje klart å gjennomføre årlege møte for gjennomgang av avtalane, men område der det har vore behov for endring og tydeleggjing har vore tekne opp og revisjonar har vore gjennomført der det har vore behov.

Avtalane står seg til ny rettleiar for samarbeidsavtalar i samband med helsefellesskapa er på plass – truleg ved årsskiftet 2021/2022.

## **Konklusjon**

Administrerande direktør si vurdering er at føretak og kommunane i opptaksområdet har gode samhandlingsavtalar for det lovverket set krav til. I tillegg er det inngått samarbeidsavtalar for område partane har sett det som viktig å ha avtalar på. Saka vert med dette lagt fram til orientering for styret.